



Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/8380 - 21/74426

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
08.11.2021

## **Søknad om dispensasjon til uttale - gbnr 463/3 Marås**

Tiltak: dispensasjon - arealoverføring  
Byggjestad: Gbnr: 463/3  
Tiltakshavar: Atle Ohnstad

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå planføre mål LNF-spreidd bustad område i kommunedelplan for Radøy. Søknad om dispensasjon vart motteke 29.09.2021. Formålet med søknaden er makebyte av omlag 850m<sup>2</sup> mellom gbnr 463/3 og 9. Storleiken på arealet er rekna ut etter motteke situasjonsplan. Arealet på gbnr 463/9 er oppgjeve til 2076.6 m<sup>2</sup> i matrikkelen. Arealet som vert søkt overført frå bnr.3 er teke i bruk av bustadeigedom, gbnr 463/9, til mellom anna hage og garasje. Det er same eigar på begge eigedomane.

Grensene for gbnr 463/9 er ikkje oppmålte. Det synest derfor som om arealet oppgjeve i matrikkelen er for stort. Rekna ut etter måla i skyldelinga er arealet på gbnr 463/9 omlag 1650m<sup>2</sup>.

Ut frå korrigererte grenser etter mål i skyldeling for gbnr 463/9 vert omsøkt arealoverføring omlag slik:

Gbnr 463/3 gjev frå seg omlag 780m<sup>2</sup>  
Gbnr 463/9 gjev frå seg omlag 330m<sup>2</sup>  
Netto frådeling frå bnr.3 vert då omlag 450m<sup>2</sup>.




Oversikt. Ortofoto 2020.



- Raud strek:** Matrikkelgrenser i dag
- Svart strek:** Korrigert etter mål skylddeling
- Blå strek:** Omsøkt arealoverføring


Aralet er registrert som skog, fulldyrka jord og bebyggd i NIBIO sitt gardskart. Omlag 260m<sup>2</sup> er registrert som fulldyrka jord.



Frå Gardskart

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål for spreidd bustad, framtidig.



Utsnitt av kommunedelplan for Radøy

### Dispensasjon

Kommunen skal vurdere saka. Mellom anna skal kommunen vurdere om vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylt og kva for konsekvensar tiltaket kan ha.

Det er søkt om overføring av netto ca. 450 m<sup>2</sup> frå gbnr 463/3 til gbnr 463/9 for bringa grensene i samsvar med faktisk bruk.

Viser til vedlagt søknad i sin heilheit.

**Link til kommuneplanen finn ein nedanfor:**

<https://www.nordhordlandskart.no/WebServices/generic/Media.asmx/Download?&uuid=0c84c5d2-7bb1-4cc9-b417-0f54db975d99>

**Frist**

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Stuasjonskart  
Søknad om dispensasjon

**Kopi til:**

Atle Ohnstad	Slettevegen 168	5936	MANGER
--------------	-----------------	------	--------

**Mottakarar:**

Landbruk	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN